

Gaular kommune  
Teknisk etat  
6830 SANDE  
tlf. 057 16105

SVABERGET BYGSTAD

Reguleringsføresegner

§ 1: Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrenser. Innafor denne grensa skal alle bygningar plasserast i samsvar med gjeldande byggegrenser for vegar og frå nabogrenser.

§ 2: Byggeområder - areal for forretningsområde.

Bygningar kan førast opp i 2 etasjar. Bygningsrådet kan samtykke i at deler av bygningar blir innreidd til bustadføremål.

Bygningsrådet kan forby verksemd som etter rådet sitt skjøn er sjemmande for grannar og gjenbuarar, eller til ulempe for off. ferdsel.

Før bygg kan oppførast skal det føreligge godkjend bebyggelsesplan. I den skal visast plass for parkering på eige område, vegar, plantingar og eventuelt inngjerding.

§ 3: Byggeområde - areal for offentlege bygningar.

Bygningar kan førast opp i inntil 2 etasjer. Før bygg kan oppførast skal det føreligge godkjend bebyggelseplan som syner intern parkering, vegar, plantingar og eventuell inngjerding.

§ 4: Byggeområde - areal for bustadhus.

Planen legg tilrette for justering av tomtegrense til gnr. 118, bnr, 18.

§ 5: Friområde.

I friområdet skal eksisterande vegetasjon i størt mogleg grad bevarast. Bygg vert ikkje tillete oppført, men trimapparat og andre mindre faste installasjonar i ake/skibakken kan oppførast, mindre bakkeplanering kan utførast.

§ 6: Landbruksområde.

På arealet kan ikkje oppførast andre bygningar enn dei som har direkte tilknytning til næringa.

§ 7: Sams føresegner.

a:  
Føresegnene gjeld innafor Plan- og bygningslova si råde og kjem i tillegg til bygningsvedtektene som gjeld i Gaular kommune.

Etter at føresegnene er sette i kraft er det ikkje

tilleste å få i stand private servitututtar som er i strid med føresegnene. Bygningsrådet kan likevel når serlege grunnar talar for det, gjere unntak frå føresegnene.

b:

Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god og harmonisk form. Materialbruk og farge på ytterflatene av bygningane skal godkjennast av rådet. Rådet skal godkjenne form, høgde og farge på alle gjerder.

c:

Det skal ikkje byggast på noko tomt før bygningsrådet har godkjend tomtedelinga i området.

d:

Eksisterande vegetasjon skal vernast så langt det er mogleg. Inga tomt kan tilplantast med tre og busker som reduserer fri sikt og som etter bygningsrådet sitt skjøn reduserer trafikksikringa, er til hinder for off ferdsel eller er skjenerande for grannar eller gjenbuarar.

Sande 04.04.90

Godkjent Gauler Bygningsråd  
Sak ..... 36/91 - vdt 21.05.91